



Sindre Hodne Manger
Mykingveien 1288
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2260 - 16/24946

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2016

Attendemelding med omsyn til tilbygg på eigedom gbnr. 38/6 Hodne

Vi viser til innkommen uttale frå Statens vegvesen datert 07.07.16, vi viser vidare til besøk i byggesaksvakta i dag 13.09.16.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om løyve til tilbygg til bustadhus på eigedom gbnr. 38/6.

Vi har motteke vedlegg sendt Statens vegvesen med omsyn til dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte offentlig veg med teikningar og nabovarsel.

Eigedomen grensar mot FV 397 som har 15 meters byggegrense jf. avstandskrav gjeve i kommuneplanen sin arealdel § 1.6. Det er kommunen som evt. gjev dispensasjon frå avstandskrav til vegmidte.

Eit tilbygg til eksisterande bustad på 37 m² vil vere eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav b jf. § 20-4 tiltak som du som tiltakshavar kan forestå sjølv. Tilbygget kjem ikkje inn under unntaksreglane i byggesaksforskrifta § 4-1 og krev søknad.

Vi gjer merksam på at det må leverast inn teikningar som syner både eksisterande og framtidig plan- og fasadeteikningar samt snitt-teikningar og situasjonsplan. Situasjonsplanen skal vere påført ytre hovudmål på tilbygget, samt minste avstand til vegmidte offentlig veg og avstand til nabogrense.

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-føremål, tilbygg, påbygg, og/eller oppføring av nybygg som ikkje er direkte knytt opp mot LNF-føremålet, krev at det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen kap. 5.

De må i søknad dokumenterast at tilbygget er naudsynt for drift i landbruket, evt. må de søkjast om dispensasjon frå LNF-føremålet.

De kan ta kontakt med byggesaksvakta dersom de har yttarlegare behov for rettleiing. Byggesaksvakta har ope tysdag og torsdag mellom kl. 09.00 og 15.00, eventuelt kan de sende spørsmål til byggesak@lindas.kommune.no

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Til dykkar informasjon.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sindre Hodne Manger

Mykingveien 1288 5957

MYKING